



ÅRSRAPPORT 2015

I OPPSUMMERING

I a) Innretning og mål for ordninga

Som del av Forvaltningsreforma vedtok Stortinget i 2009 å opprette Regionale forskningsfond for å styrke nærings- og kunnskapsutvikling i regionane. Det er oppretta sju regionale forskningsfondregionar. Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane dannar fondsregion i saman. Hordaland fylkeskommune er oppnemnt som vertsfylkeskommune etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane.

Frå 2015 er løyvinga til Regionale forskningsfond ikkje lenger knytt til ei fondsavsetting, men ein ordinær post på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett.

Fordelinga av midlar mellom dei 7 regionale forskningsfond er delvis basert på ein fast sum for kvart fylke og delvis med utgangspunkt i fylka sine folketal. I tillegg vert det ein eigen nordnorsk pott på 5 % av midlane og ein sum på 15 % av midlane sett av til konkurranse- og samarbeid mellom fonda (den sokalla 15 % potten).

Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet for 2015 til Regionalt forskningsfond Vestlandet var kr. 31 965 000, som er ei auke på kr. 1 213 000 frå året før.

Regionalt forskningsfond Vestlandet arbeider etter dei overordna mål som Kunnskapsdepartementet har fastsett i retningslinene for ordninga:

- Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling
- Mobilisere til auka FoU-innsats i regionane
- Bidra til auka forskningskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane
- Skape utviklings- og læringsarenaer der regionale erfaringar kan verte drøfta i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktivitet.
- Sørgje for tett samspill mellom aktivitet i regionane og deira relasjon til andre nasjonale og internasjonale programmer og aktivitetar

Retningslinene omtalar også organisasjonsform, søknadstypar og krav til forvaltning av ordninga. Dokumentet vart revidert i april 2013, og er å finna her:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/retningslinjer/2013/retningslinjer-regionale-forskningsfond.html?id=593488

Regionale mål

Regionale mål og viktige føringar er nedfelt i bestillinga til fondet som dei tre fylkestinga vedtok i desember 2012 for perioden til og med 2015. Her heiter det mellom anna følgjande:

Formål

Regionalt forskingsfond Vestlandet skal styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling ved å finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innan regionen sine prioriterte innsatsområde.

Operative mål

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet lagar årleg ein handlingsplan for detaljere føremålet. Her vert det bestemt rammer for utlysinga kvart år, og fordeling av midlar på ulike søknadsordningar og/eller tema.

I b) Regionale utfordringar og prioritering av tema

Vestnorske særtrekk og behov for ny kunnskap

Noreg er eit relativt lite og relativt egalitært land med stor grad av fellestrekk regionane i mellom. Likevel er det særtrekk som gir viktige skilnader i livsgrunnlag og væremåtar folk imellom. Vestlandet har unike og svært gode føresetnader innan energisektoren og marin produksjon av mat. Naturgrunnlaget gir særigne og mange stader krevjande grunnlag for landbruk. Men det utfordrande landskapet er også storslått, med eit stort potensial for reiseliv og opplevingar. Vestlandet har dessutan ei befolkning som like gjerne er vendt ut mot verda som mot eige land. Og folk er etter tradisjon ofte vane med å endre seg etter skiftande næringsgrunnlag når det er naudsynt. Dessutan er folk på Vestlandet vant med alt som kan flyte på havet, og har etterkvart også vorte verdsløiande til å handtere teknologiske utfordringar under havflata. I det heile er Vestlandet prega av FJORDEN som ressursgrunnlag og referanseramme for mykje av livet i denne landsdelen. Fjorden er ressursbase for fiskeri, akvakultur, rein energi og reiseliv – mellom mykje anna.

Avstandar og ulikskap i busetnad er eit anna trekk ved Vestlandet. Ofte er det krevjande å kunne gi eit like godt tilbod om offentlege tenester til innbyggjarane i heile regionen. Ønskje om auka kvalitet og betra effektivitet i arbeidet med dei kommunal ansvarsområda må også finne si eiga vestnorske tilpassing.

Vestnorske perspektiv på nærings- og samfunnsutvikling skal ligge til grunn for Regionalt forskingsfond Vestlandet sitt arbeid. Fondet skal medvirke til forskning som gir ny kunnskap og dermed bidrar til nye svar på viktige spørsmål om utviklinga av nærings- og samfunnsliv på Vestlandet. Viktige spørsmål er:

- Korleis få det beste ut av dei særigne natur- og kulturføresetnadene på Vestlandet
- Korleis sikrar vi ei berekraftig ressursforvaltning, slik at dei særigne vestnorske ressursane vert til glede både for noverande og komande generasjonar
- Korleis sikre at kommunal sektor når sine mål om auka kvalitet og styrka effektivitet i sitt arbeid med å forvalte ansvaret for god tenesteproduksjon til innbyggjarane på heile Vestlandet.

Tematiske prioriteringar

Følgjande tematisk prioritering har vore gjeldande i 2015:

- Energi,
- Bærekraftig matproduksjon
- Reiseliv
- Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet

Temaet Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet er fokus retta mot *ansvarsområde* til kommunal sektor på Vestlandet. Slik vert det søkt å møte nokre av dei store utfordringane som både kommunar

og fylkeskommunar står ovanfor i møte med auka krav til effektivitet og kvalitet utan at dei økonomiske rammene venteleg vert større.

I 2015 opna styret i fondet for at også bedrifter kunne søke til denne ordninga dersom dei hadde ei forskingsbasert løysing som kommunar kunne vere tent med.

I c Hovudinnretning på arbeidet med fondet

2015 er sjette år med Regionale forskingsfond, og siste år innan gjeldande bestilling frå fylkestinga for perioden 2012 – 2015. Viktige oppgåver har i stor grad vore ei vidareføring, og gjennomført slik:

- Dialog med regionale utviklingsaktørar, forskingsmiljø og brukarar innan privat og offentleg sektor om utfordringar og grunnlag for årlege prioriteringar i forskingsfondet.
- Informasjonsmøte og kurs i søknadsskriving
- Utlysing av forskingsmidlar og vurdering av søknader.
- Organisere beslutningsprosess – legge til rette for styrearbeidet.
- Prosjektoppfølgning, økonomistyring og resultatrapportering av i snitt ca. 100 aktive prosjekt
- Kommunikasjonsarbeid og oppfølging av søkjargrupper.

Fondet har i 2015 hatt søknadsfristar for hovudprosjekt både om våren og om hausten.

For søknad om regional kvalifiseringsstønad var det også i 2015 ei ordning med laupande søknadsfrist med administrativ saksbehandling. Dette gir søkjarane stor fleksibilitet, men er også tidkrevjande for arbeidet i fondet då ein må organisere langt fleire vurderingsprosessar gjennom året.

Etter seks år med arbeid i fondet skulle ein tru at talet på aktive prosjekt er på sitt høgaste. Det er likevel ein god del prosjekt som ikkje vert avslutta slik som planlagt, samstundes som nye prosjekt vert tildelt kvart år. Aktive prosjekt skal følgjast opp med rapportering, kontroll og utbetaling – samt resultatformidling. Gitt talet på slike prosjekt er dette eit tidkrevjande arbeid. Regionalt forskingsfond Vestlandet vurderer alle som vender seg til fondet som del av ein regional innovasjonsbase. Det er vert derfor arbeidd med å følgje opp søkjarane både med avslag/avvising og tilsegn.

I d) Hovudresultat

Styret valte også i 2015 å forskottare tildeling av forskingsmidlar frå komande løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Tidligare har heile prosjektet si levetid vorte finansiert frå budsjettet i tilsegnsåret, medan utbetalingar først skjer årleg utover i prosjektet si levetid. Forskott av inntil 12 millionar ekstra i 2015 medverkar til få fleire midlar ut til forskingsaktivitet. Denne praksisen er i tråd med liknande i fleire andre fond, samt hos Forskningsrådet.

Det har vore jamn auke i interessa for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

I 2015 kom det inn heile 71 søknader om stønad til hovudprosjekt. Dette er 10 søknader fleire enn i 2014 og 23 fleire enn i 2013.

Talet på søknader om regional kvalifiseringsstønad (forprosjekt) auka frå 2014. I 2015 fekk fondet 52 slike søknader mot 43 søknader i 2014. Dette er likevel litt ned frå dei første åra, då det på det meste var opp mot 60 søknader.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har fokus på kvalitet, og sett opp regionale fagpanel på søknader om kvalifiseringsstøtte (forprosjekt). Det vert arrangert fagpanel som vurderer kvar søknad etter eit sett med kriterium som t.d. Innovasjonsgrad, Forskningsgrad, Prosjektkvalitet og Plan for vidareføring.

32 av søknadene om regional kvalifiseringsstøtte fekk tilsegn i 2015, noko som betyr at heile 61 % av søknadene fekk tilsegn. Det er ein høge tilslagsprosenten, noko vi trur heng saman med god kontakt med søkjarane gjennom program som VRI og eigne prosjektverkstader. Dei aller fleste søknadene

med tilsegn og regional kvalifiseringsstøtte fekk hovudkarakteren 5 eller 6 (av 7 mogelege). Ingen fekk lågare enn karakter 4.

Søknadsmengda innan kvart tema varierer noko over åra. Også i 2014 var det få søknader innan tema Reiseliv, medan det framleis er jamt høgt tal søknader innan Berekraftig matproduksjon, Energi og Offentlege utviklingsoppgåver. Temaet Vestlandet 2025 vart ikkje lyst ut i 2015.

Nokre nøkkelresultat frå arbeidet:

- Fondet lyste i 2015 ut midlar til forskingsprosjekt innan fire hovudtema i fylkestinga si bestilling.
- Fondet tok i mot 52 søknader om stønad til forprosjekt.
- Fondet tok i mot 71 søknader om stønad til hovudprosjekt.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 32 regional kvalifiseringsstønad/forprosjekt med ei tilskotramme på kr. 9 258 000.
- Fondet gav tilsegn om stønad til 15 Regionale Bedriftsprosjekt og 7 Regionale offentlege prosjekt (**omtala som hovudprosjekt**) med ei tilskotramme på kr. 52 688 000,-.
- Fondet har hatt 4 informasjonsmøte og prosjektverkstader i 2015.
- Fondet legg vekt på ein levande nettstad med ein miks av offisiell informasjon, nyttige tips, aktuelt nyheitsstoff og popularisering av forskingsresultat. I 2014 og 2015 vart det publisert til saman 48 ny artiklar på heimesida; om lag ein kvar fjortande dag i snitt.
- Nettsida hadde 3 551 besøkande og 4 863 sidetreff i 2015. Som i førre strategiperiode er det oppslag som handlar om utlysing og tildeling av midlar som får flest treff. RFF Vestlandet har langt fleire brukarar og treff enn dei andre fondsregionane.
- Nyheitsbrevet vert sendt ut 6-8 gonger årleg og har no rundt 620 abonnentar.
- Prosjekta rapporterer i 2015 om 114 formidlingstiltak retta mot relevante målgrupper og 39 oppslag i massemedia. Det er elles rapport noko nedgang i faglege publikasjonar frå prosjekta i 2015.
- Styret har i 2015 fokusert arbeid med omstilling på Vestlandet, og fredag 21. august 2015 drøfta ein delegasjon frå styret dette tema med kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen på eit avtalt møte i Oslo.

II AKTIVITETAR I PERIODEN

II a Styresamansetning og styret sitt arbeid

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet er oppnemnt av dei tre fylkeskommunane og staten ved Noregs forskingsråd. Det noverande styre vart oppnemnt etter fylkestingsvalet i 2011, og tok til med arbeidet sitt i 2012. Styret var i 2015 sett slik saman:

SOGN OG FJORDANE

1 Åshild Kjelsnes -Fylkesordførar - **styreleiar**

2 Steinar Dvergsdal - Gardbrukar

1. vara, Jøril Hovland – Prosjektleiar, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

2. vara, Agnar Lyng - Dagleg leiar Lyng AS

ROGALAND

1. Janne Johnsen - Fylkesordførar - nestleiar

2. Frank Blaker - Prosjektdirektør i Procom Venture AS

1. vara Marta Ulvund – Professor Norges miljø- og biovitenskapelige universitet avd. Sandnes.

2. vara Rune Johansen - Daglig leiar Simsea AS .

HORDALAND

1. Tom-Christer Nilsen - Fylkesordfører
2. Solveig Holm - Leiar prosjektutvikling Bergen Næringsråd
1. vara Steinar Nesse - Rådmann i Fjell kommune
2. vara Rita Brokstad – Seniorrådgjevar Innovasjon Norge Hordaland

STATEN VED NOREGS FORSKINGSRÅD

1. Anne Siri Høiland, direktør i TINE AS
2. Asle Lygre, Partner i Idevekst Energi AS,
1. vara. Roald Leivestad - Marknadsdirektør Saga Fjordbase AS
2. vara. Ole Hetland, Utbyggingsdirektør Stavanger konserthus

Styret har i 2015 hatt fire møter:

- 26. februar i Bergen. Med saker som årsrapport 2014, møte med to forskingsprosjekt, klagesak, søknad om endret prosjektansvarleg til søknad. For kvart styremøte vart det dessutan lagt fram administrative vedtak om regional kvalifiseringsstønad.
- 3. og 4. juni i Stavanger, der styret møtte fleire aktørar frå forskning, offentleg sektor og næringsliv i fylket – samt hadde omvising på Måltidets Hus. Saker til behandling var mellom anna søknader om hovudprosjekt etter fristen 11 februar og tildelingar etter 15 % potten og utlysinga inn Sjømat saman med fondsregion Nord Noreg. .
- 22. oktober. Hos Høgskulen i Bergen, der styret møtte rektor og fekk omvisning på det nye høgskulesenteret. Det var også presentasjon av prosjekt der Høgskulen er med som RFF Vestlandet har delfinansiert. Det var også eit møte med ny NCE Seafood innovation. Viktige styresaker var Handlingsplan og utlysingar vinter/vår 2015/2016 og erfaring med bestillingsbrevet frå fylkestinga for perioden 2012 – 2015.
- 17-18 desember. I Bergen. Saker var vedtak om støtte til hovudprosjekt etter søknadsfristen i oktober 2015 og ei brei gjennomgang av resultat frå prosjekt som er støtta i styreperioden knytt til søknadstype og tema. Styret hadde også ein avsluttande middag saman.

Møte med kunnskapsministeren i august

Etter initiativ frå styret i RFF Vestlandet vedtok alle dei tre fylkestinga i juni ei uttale om behovet for auka satsing på forskingsdriven innovasjon for å møte dei mange omstillingsbehova på Vestlandet. Det vart i uttalen uttrykt ønske om å møte kunnskapsministeren så snart som råd. Dette vart formidla til Kunnskapsdepartementet, og alt 21 august møtte ein delegasjon frå styret i RFF Vestlandet leia av styreleiar Åshild Kjelsnes kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen i Oslo. Her viste styret til dei store utfordringane som pregar landselene, og la elles vekt på at RFF Vestlandet ikkje har midlar nok til å delfinansiere dei mange gode prosjekta som vert søkt, og som kunne medverka til den naudsynte omstillinga. RFF Vestlandet fekk i Statsbudsjettet for 2016 ei særleg auka løyving på 13 millionar kroner for med desse å bidra til omstilling i arbeids- og næringsliv. Styret sa seg svært nøgd med dette.

Styret var vidare representert med to medlemmer på årskonferansen for Regionale forskingsfond som var i Oslo mai 2014. Styreleiar deltok på møte med styreleiarane for dei andre fonda under konferansen.

II b Vertsfylkeskommune og sekretariat for fondet

Etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane er Hordaland fylkeskommune vertsfylkeskommune for Regionalt forskingsfond Vestlandet. Hordaland fylkeskommune har dermed det formelle rapporteringsansvaret ovanfor Kunnskapsdepartementet, og forvaltar dei tildelte fondsmidlane etter dei retningslinene som departementet har gitt.

Sekretariatet er organisert etter ein delvis desentralisert modell. Det betyr i praksis at sekretariatet har stillingsressursar som er knytt til alle dei tre fylkeskommunane. Bortsett frå stillinga i Sogn og Fjordane er stillingane delte. I 2015 har det vore slik bemanning i stillingane:

- **Hordaland**
 Jone Engelsvold, 75 % stilling. (Sekretariatsleiar). 25 % av dette er dekket av Hordaland fylkeskommune.
 Randi Lotsberg, 75 % stilling, seniorrådgivar. 25 % av dette er dekket av Hordaland fylkeskommune.
 Rajwinder Kaur Daphu, 50 % stilling, prosjektøkonom/Controller
- **Sogn og Fjordane**
 Arne Monrad Johnsen, seniorrådgivar, 75 % stilling
- **Rogaland**
 Mette Fossan-Bergem, rådgivar, 25 % stilling

Sekretariatet førebear styret sitt arbeid. Sekretariatet har også ansvar for oppgåver som:

- utlysingar
- mottak av søknader
- vurdering av søknader
- behandling og administrative vedtak om stønad til forprosjekt etter fullmakt
- kommunikasjonsarbeidet
- kontakt med, mobilisering til og opplæring av søkjarar
- tilsegn og kontrakt med prosjekt
- økonomioppfølging av prosjekt
- bestilling og godkjenning av rapportar

Mykje av arbeidet skjer i nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

II c Informasjonsaktivitetar/profilering

Kommunikasjonsstrategi

Det har vore jobba med oppfølging av kommunikasjonsstrategien, som har dette målet:

Næringsliv, forskingsinstitusjonar og offentleg sektor på Vestlandet skal ha god kjennskap til og oppfatte fondet som ein viktig pådrivar for forskingsdriven innovasjon i regionen.

I tillegg til kontinuerleg aktivitet for å synleggjere RFF Vestlandet i fondsregionen, har sekretariatet i tråd med kommunikasjonsstrategien prioritert tre tiltaksområde i førre strategiperiode:

1. Aktiv kommunikasjon retta mot prioriterte søkjargrupper

- Aktuelle søkjarmiljø er grundig kartlagde og det er godt kjend blant potensielle søkjarar at fondet bidreg med midlar til regionale forskingsprosjekt både i næringsliv og offentleg sektor.
- Frå 2013 er det jamleg sendt ut nyheitsbrev med relevant informasjon om verksemda til fondet. Nyheitsbrevet vert sendt ut 6-8 gonger årleg og har no rundt 620 abonnentar.
- Sidan 2011 har fondet halde årlege kurs i søknadsskriving i alle dei tre fylka i fondsregionen. Frå 2013 har det også vore halde kurs/informasjonsmøte i alle fylka i samband med dei to årlege utlysingane av hovudprosjektmidlar.
- Talet på søknader har gått vesentleg opp i løpet av strategiperioden, samtidig som den gjennomsnittlege kvaliteten også ligg på eit høgare nivå enn i førre periode. Kvalitetshevinga har vore særleg markant når det gjeld søknader frå offentleg sektor.
- Fondet har tildelt midlar til gode forskingsprosjekt innanfor alle dei fire tematiske satsingsområda i fondsregionen.
- I samband med tildeling av midlar, har fondet skreddarsydd pressemeldingar for aviser og nettstader med ulike geografiske nedslagsfelt og for ulike fag- og bransjepublikasjonar. Dette har ført til betydeleg mediemerksemd, og det er ikkje urimelig å tru at *det* igjen kan ha bidratt til auka interesse for å søke om midlar frå fondet.

2. Nettsatsing (inkl. sosiale medium)

- Tilbakemeldingar frå brukarane tyder på at heimesida til RFF Vestlandet fungerer godt som verktøy for elektronisk dialog og at den inneheld god og uttømmende informasjon om utlysing, tildeling, rapportering og liknande.
- Fondet legg vekt på ein levande nettstad med ein miks av offisiell informasjon, nyttige tips, aktuelt nyheitsstoff og popularisering av forskingsresultat. I 2014 og 2015 vart det publisert til saman 48 ny artikkelar på heimesida; om lag ein kvar fjortande dag i snitt.
- Nettsida hadde 3 551 besøkende og 4 863 sidetreff i 2015. Som i førre strategiperiode er det oppslag som handlar om utlysing og tildeling av midlar som får flest treff. RFF Vestlandet har langt fleire brukarar og treff enn dei andre fondsregionane.
- Sidan 2013 har fondet også drive ein Twitter-konto for å kommunisere med forskingsmiljø og andre interessentar. Det har vore lite kapasitet til å fylgje dette opp.

3. Presentasjon av forskingsprosjekt og popularisering av forskingsresultat

- I strategiperioden har det vore oppslag om resultat frå forskingsprosjekt som fondet har støtta i mellom anna BT, VG, Sogn Avis og Sysla.
- Samarbeid mellom sekretariatet, ein frilansjournalist og forskarane i prosjektet BRINGINN resulterte i ein artikkel på to sider i BT; i Innsikt-spalta som presenterer aktuelt stoff frå forskingsverda.
- I 2014 nådde fondet også milepålen «oppslag i ei stor, riksdekkande avis» då VG hadde eit heilsides oppslag i laurdagsutgåva om eit prosjekt som omhandlar høgtrykksprosessering av frukt og bær for å bevare kvalitet og næringsstoff.
- Fondet har publisert fire nye artikkelar på forskning.no, den største nettstaden for populærvitenskap i Norden. Samarbeid med ein frilansjournalist har så langt resultert i publisering av 15 artikkelar, og desken hjå forskning.no har gjeve svært gode attendemeldingar på korleis RFF Vestlandet legg til rette for popularisering av forskingsstoff.

II d Tiltak for å nå spesielle grupper

Viktigaste tiltak for å mobilisere nye grupper til å søkje forskingsmidlar har vore fylkesvise informasjonsmøte og søkjarseminar. Etterkvart er desse møta dreia til å forklare og rettleie mogelege søkjarar i korleis ein arbeide seg frå ide til ferdig og god søknad. Sekretariatet har utvikla ein arbeidsform der søknadsskjema og mal for prosjektskildring vert sett nært i samanheng med vurderingskriteria som fagpanela nyttar. Samstundes er det sett av tid til å løfte fram eigne prosjektidear både under møta og i samtalar etter møta. Denne arbeidsforma har gitt godt oppmøte og gode tilbakemeldingar. Det har vore slike informasjonsmøte/prosjektverkstad i 2015.

8. januar – Bergen	Prosjektverkstad – særleg fokus på 15 % utlysing innan Sjømat
27. januar – Stavanger	Prosjektverkstad
14. september – Stavanger	Prosjektverkstad
15. september – Bergen	Prosjektverkstad

I Sogn og Fjordane er det arbeidd litt annleis, med meir direkte kontakt opp mot bedrifter og kommunar som har forskningstema dei ønskjer å utvikle. Særleg er det arbeidd med å forbetre søknader som kanskje tidlegare hadde fått for låg fagleg vurdering. Dette synte seg i mange tilfelle å vere ein strategi med resultat, då ved tildelingane i 2015 var fleire slike som heva seg kvalitetsmessig, og der tilsegn vart gitt.

Alle møta er gjennomført i samarbeid med Noregs forskingsråd sine regionansvarlege og/eller VRI prosjektet i det aktuelle fylket.

III UTLYSINGAR OG RESPONS

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet bestemte for 2015 å lyse ut midlar til forprosjekt og hovudprosjekt, for både offentleg sektor og næringslivet. Søkjarane (prosjektansvarleg) skulle vera heimehøyrande i eitt av dei tre fylka i fondsregionen.

III a Utlysing av midlar til forprosjekt/kvalifiseringsstøtte

Handlingsplanen for Regionalt forskingsfond Vestlandet i 2015 sette ei ramme på inntil 6 millionar kroner i stønad til regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) innan fire tema:

- a) Berekraftig matproduksjon innanfor grøn og blå sektor
- b) Energi
- c) Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet
- d) Berekraftig reiseliv

For tredje året på rad var det ingen søknadsfrist for forprosjektsøknader. Dei fleste søknadene vart handsama innan 4 – 6 veker slik målet var.

Samstundes auka styret ramma for tilskot, slik at kvar søkjar kunne få inntil kr. 300 000.- i støtte til sitt prosjekt. Dette førte ut over året til eit behov for meir midlar enn den opphavlege ramma. Styret fann slike midlar ved å bruka frå renteinntekter og av inndregne midlar frå prosjekt som vart avslutta utan å nytte heile tilskotsramma.

Samla vart det i 2015 tildelt kr. 9 258 000,- til regional kvalifiseringsstøtte/forprosjekt.

III b Mottekne søknader om regional kvalifiseringsstønad i 2015

Samla sett vart det motteke 52 søknader i 2015.

	<i>Berekraftig mat –</i>		<i>Offentlege utviklings oppgåver</i>	<i>Energi</i>	<i>Reiseliv</i>	<i>Samla</i>
	<i>Grøn</i>	<i>Blå</i>				
Søknader frå Sogn og Fjordane			3			3
Søknader frå Hordaland		7	9	8		24
Søknader frå Rogaland	2	11	3	8	1	25
Samla	2	18	14	16	1	52

Tabell 1: *Innkome søknader om regional kvalifiseringsstønad jan – desember 2015 - på tema og fylke*

Fordeling av vedtak i 2015

Dei 52 søknadene fordeler seg slik med omsyn til vedtak:

Søknader med tilsegn	32
Søknader med avslag	14
Søknader med formelle feil	6

III c Mottekne søknader om stønad til hovudprosjekt i 2015

I 2015 vart det lyst ut midlar innan temaområda a) Berekraftig mat b) Energi c) Offentlege utviklingsoppgåver og d) Reiseliv.

I 2015 kom det inn heile 71 søknader om stønad til hovudprosjekt. Dette er 10 søknader fleire enn i 2014 og 23 fleire enn i 2013.

Ei særleg satsing på sjømat våren 2015

Styret valte våren 2015 å skilje ut Sjømat frå utlysinga innan Bærekraftig mat, og gjere sjømat-temaet til del av ei fellesutlysing med fondsregion Nord- Norge der det også inngjekk midlar frå den ekstra 15 % potten. Dette er midlar som kjem i tillegg til den ordinære løyvinga, og som skal stimulere til samarbeid mellom fondsregionar. Samla vart det lyst ut kr. 12 590 000,- til tema Sjømat, der kr. 5 000 000 var reservert gode prosjekt med adresse på Vestlandet.

Av praktiske grunnar vert alle utlysingar av støtte til hovudprosjekt sett under eitt i det neste avsnittet.

Samla mottak av søknader om hovudprosjekt frå Vestlandet

Innan fristen 11. februar 2015 kom det inn 38 søknader om stønad til hovudprosjekt frå bedrifter eller kommunar på Vestlandet. Til samanlikning kom det våren 2014 inn 25 søknader.

Innan fristen 14. oktober 2015 kom det inn 33 søknader om stønad til hovudprosjekt. I oktober 2014 var talet 36.

Søknadene fordeler seg slik:

	Bærekraftig mat –		Energi	Offentlege utviklings oppgåver	Reiseliv	Samla 2015 (2014/13/12/11/10)
	Grøn	Blå/sjømat				
Søknader frå Sogn og Fjordane	3 (1)	2 (3)	1 (1)	9 (12)	2 (0)	17 (18/9/7/2/9)
Søknader frå Hordaland	2 (1)	10 (10)	6 (6)	15 (6)	2 (2)	35 (25/15/16/13/12)
Søknader frå Rogaland	2 (3)	2 (1)	7 (9)	7 (3)	1 (2)	19 (18/24/14/13/7)
Samla	7	14	14	31	5	71

Tabell 2: Søknader innanfor kvart tema, og fordelinga av søknader på kvart av fylka – 2014. Tal førre åra i parentes. .

6 av søknadene vart avviste då dei hadde fleire formelle feil og dermed ikkje kunne vurderast. To av desse var innan søknadstema reiseliv, to innan bærekraftig mat og ein innan offentlege ansvarsområde og ein innan energi.

Dei 65 godkjende prosjektforslaga som vart vurdert inneheldt søknad om kr. 163 193 000,-.

Trekk ved dei innkomne søknadene innan hovudutlysinga

VÅREN 2015:

Også denne våren var det mange svært gode søknader å ta stilling til. Heile 19 av dei 35 vurderte søknadene har oppnådd svært gode hovudkarakter med 5 eller betre.

For første gong har også ein søknad oppnådd hovudkarakteren 7, som betyr at ein kan vente seg forskingsresultat i verdsklasse. Ikkje forbausande gjeld dette ein søknad knytt til fiskehelse og ernæring/fiskefor, der fagmiljø i så vel næring som akademia på Vestlandet har svært høg kompetanse..

SJØMAT –SAMARBEIDE MED FONDSREGION NORD NORGE

I alt kom det inn 13 godkjente søknader til denne utlysinga. 7 av søknadene kom frå søkjarar på Vestlandet, medan 6 hadde adresse i fondsregion Nord Norge.

Dei 7 søknadene frå Vestlandet fordelte seg ganske vidt tematisk, frå produksjon av katte/hundemat, via transport og lagring av levande skalldyr til meir klassiske tema knytt til akvakultur. Mellom desse var styring av maskinar for mating av fisk, nedkjemping av problem med lakselus, oppdrett av regnbogeure og protein i for til fisk.

Grøn mat

Det kom inn tre søknader på grøn mat. I ein søknad er målet å utnytta næringsstoffa i erter, ved å tilsetja konsentrat til andre matvarer. Knappheit på dyreprotein i verda gjer at dette er aktuell problemstilling. Problemstillingane er knytt til sortering, klassifisering, prosessering, smak, helse og marknad. Ein søknad ønskte å finna fram til betre mjølblandingar til pizza, til bruk i heimen, i restaurantar og i industrien. Problemstillingane er spesielt knytt til auka kvalitet gjennom betre kunnskap om mjøl. I ein søknad er målet å gi auka økonomisk og etisk berekraft i mjølkeproduksjonen, ved å nedkjempa to tapsbringande virus hjå dyra. Dette ønskjer dei å få til gjennom bruk av m.a. indeksar, nettverksanalyse og datamodellering.

Energi

Det er kome inn 9 søknader innan utlysingstema Energi. Ein blei avvist på formelt grunnlag. Totalt 8 søknader er vurdert av ekspertpaneler og søknadane er ulike i innhald og kvalitet. Tre av søknadene rettar seg mot olje og gassindustrien, medan dei resterande fem søknadene går mot energieffektivisering, miljøteknologi, fornybar energi og offshore vind.

Søknadene mot olje og gassindustrien er innanfor følgjande tema: «Ny pumpeteknologi for økt utnyttelse av oljebrønner, sensor for måling av termiske egenskaper til borevæsker og Drilltronics som sentral hub i borekontrollsystem for å muliggjøre boreautomatisering».

Dei fem andre søknadene omhandler: «Kraftregenerering og gjenbruk av energi i fartøy, konsekvens og aktiv bruk av fri gass i vannturbiner, offshore vind-energi lagringskapasitet, videreutvikling og implementering av beslutningsstøtteverktøy for infrastrukturanalyse for naturgass og målinger i ishavsområdet med to ubemannede farkoster.»

Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet

Det kom inn 16 søknader til denne utlysinga. Det er fire fleire enn til oktoberutlysinga og sju fleire enn aprilutlysinga i 2014. Berre ein søknad vart avvist på formelt grunnlag.

Etter ein nedgåande trend i 2014, har helserelevante søknadar auka kraftig. Heile 8 søknadar er innan ulike område knytt til «helse i alt». Fleire av desse søknadane er også relevante for deltema «Tidleg innsats i eit livsløpsperspektiv».

To søknadane handlar om velferdsteknologi, ein av dei kjem frå ein bedrift. Tre søknadar dekkjer fremming og effekt av fysisk trening som tiltak for helse og livskvalitet i ulike grupper av befolkninga. Ein søknad har breiare fokus på endring i levevanar og psykisk og fysisk helse. Dei to siste søknadane i denne gruppa ser på samhandling mellom tannhelsetenesta og henholdsvis barnevern og heimesjukepleien.

I tillegg er det to søknadar som har andre sentrale tema, men som også er relevante for «Helse i alt». Det dreier seg om ein søknad innan sosial innovasjon og utvikling av tenestetilbodet i kommunal sektor, samt ein om kommunikasjon av usynlege farar/risikokommunikasjon, med vekt på radon. Også den eine søknaden innan «Rolle og ansvar i utdanningssamfunnet» har helseperspektiv, med vekt på lærarane sitt arbeid med psykisk helse.

Dei siste fire søknadane er mest relevante for tema «Samfunnsutviklarrolla», men også for «Meir robust organisasjon». Ein handlar om samhandling i planprosessar for lokal klimaomstilling. Den andre ser på dialog og deltakande demokrati som verktøy for innovasjon i offentleg plan- og

utviklingsarbeid. Tredje søknaden søker å finne modellar for samordna arealforvaltning av utmark. Den siste gjeld innovasjon gjennom nye modellar for rapportering mellom kommunar og stat.

Reiseliv

Det kom inn to søknader på reiseliv. Den eine vart avvist på grunn av formelle feil. Den andre har som mål auka verdiskaping av sportsfisket i Lærdalselva gjennom kunnskapsbasert forvaltning av livskraftige laks- og aurebestandar. Problemstillingane er knytt til åtferd og overleving hjå vinterstøingar av laks, snittvekt og gyting, og «fang og slepp»-fiske, kunnskap og haldningar hjå fiskarane, lokal verdiskaping og merkevarebygging.

HAUSTEN 2015

4 søknader fekk hovudkarakteren 6.

11 av søknadene fekk hovudkarakter 5.

Alle desse søknadene har høg kvalitet. Kvalitet gjeld ikkje berre vurderinga frå fagpanela. Søknadene er også vurderte etter dei regionale vurderingskriteria som er oppgitt i utlysingane.

10 søknader fekk hovudkarakteren 4. Dette er ein karakter som også kan gi grunnlag for tildeling dersom fondet finn at tema eller innretting har bestemte kvalitetar.

Berre 5 søknader fekk hovudkarakter 3 eller dårlegare.

Også hausten 2015 var det mange søknader med svært god vurdering. Dei 15 prosjektforslaga med hovudkarakter 5 eller 6 søkte til saman om kr. 37 855 000,-. Det var heller ikkje midlar til å finansiere alle søknadene med dei høge karakterane 5 eller 6. Trekk ved søknadene og innstillinga er under vurdert innan for kvart av utlysingsområda.

Grøn mat

Det var to svært gode søknader innafor grøn mat, og dei var begge svært relevante i høve utfordringar på Vestlandet og i høve utlysinga. Begge søknadene var relatert til husdyrhald og meieridrift.

Blå mat

Dei 6 søknadene fekk alle vurderinga God (karakter 4) eller Meget god (5), og var slik alle støtteverdige.

Ein søknad omhandla produksjon av katte/hundemat basert på restråstoff frå linefiske. Ein annan reiser ei rekkje viktige problemstillingar knytt til utvikling av landbasert lakseoppdrett. Ein tredje søknad omhandla fiskehelse og muleg effekt av soppsporier/mycotoxiner i fiskefor.

Vidare var det fokus på å utnytte fosfor i laksebein, medan ein søknad skal kartlegge sjøbotnen med sikte på ei heilt ny nisje, nemleg teinefiske etter reker for ein krevjande gourmet marknad.

Energi

Søknadene innan energi fekk jamt over gode tilbakemelding i fagvurderinga. Tre søknader fekk karakter 5 og to søknader karakter 4. Nokre døme på prosjektinnhald:

Eit prosjekt omhandlar eit system som kombinerer kontaktlaus strømmottakarar og datamottakarar i same eining. Systema skal kunne nyttast på subsea-operasjonar på opp til 4000 meter under havet.

Eit anna prosjekt skal optimalisere prosessen med boring ved å kartlegge hindringer på en «non-intrusive» måte og slik hindre unødvendige brot i prosessen.

Eit tredje prosjekt ønskjer å utvikle ein prototype for behandling av offshore drilling borekaks, materialet som avvirkas under ein boreprosess.

Innovasjon i offentlege ansvarsområde

Kvaliteten på dei offentlege søknadane held fram med høgt nivå, men spriket i karakterar er større enn ved siste søknadsrunde, der nesten alle søknadane hadde same hovudkarakter.

Av dei 14 godkjende søknader fekk heile tre søknadar hovudkarakter 6 (svært godt) i fagpanelvurderinga. Tre søknadar fekk hovudkarakter 5 (meget godt) og fem søknadar fekk 4 (godt). Tre søknadar fekk vurderinga 3 (mindre godt)

Dei tre søknadene med hovudkarakter 6 var:

- «Samhandling for Grønt skifte». Prosjektet har som mål å utvikle nye måtar regionale styresmakter kan støtte opp om kommunane sitt klimaarbeid på.
- «Nytt forvaltningssystem for fleirbruk av utmark». Prosjektet har som mål å utvikle lokalt tilpassa forvaltningssystem med løysingsmodellar for koordinering av friluftslivsaktivitet i utmark for å redusere konfliktpotensialet, stimulere lokal verdiskaping og ivareta allemannsretten og grunneigar sine interesser.
- «Selvstendige, sjølhjulpne og aktive eldre». Prosjektet har som mål å kvantifisere effekten av økt muskulær styrke blant eldre med pleie- og omsorgstjenester som bur i eigen bolig

Andre tema i søknadane var t.d. «Meistring og deltaking heile livet», «Smartdusjteknologi», «Integrering og stedsutvikling gjennom entreprenørskap i Bergen», «Implementering av fysisk aktivitet som pedagogisk metode i skolen, utvikling og kvalitetssikring av fagaktiviteter.» «Robotisert bærekraft- Innovasjon i robotkommunen», «ByttBeite: Bærekraftig forvaltning, økt beitedrift og landskapspleie av utmarksareal på Vestlandet», «Håndtering av usynlige farer i vestnorske kommuner- Fra ustrukturert krisekommunikasjon til forskningsbasert risikokommunikasjon» og «Implementering av kommunale lavterskeltiltak for engstelige ungdom», og «Norske kommuner som aktører i EU-finansierte samarbeidsprosjekter».

Reiseliv

To søknader vart levert. Ein skal forske på samarbeidsprosessar mellom Festspela i Bergen og sentrale reiselivsbedrifter for å skapa innovative produkt. Den andre omhandla «Økonomi og marked for gårdsturisme på Vestlandet»

IV TILDELINGAR ETTER SØKNAD I 2015

IV a Støtte til regional kvalifisering/forprosjekt

Prosjektnr.	Tittel	Søkjar	Tema	Tilsegn i 1000 kr.
247484	Tverrkommunal implementering av sjumilssteget	FJALER KOMMUNE	Offentleg	217
247486	Vannfraksjonsmåling ved brønntesting	HAMMERTECH AS	Energi	300
248519	AGD Control-Disinfection of Cleanerfish	MARINE HARVEST ASA	Blå mat	300
248520	Innovasjon i utdanning: Hvordan møter skolen økt frivillig engasjement for å lære barn koding? Erfaringer fra Leikanger kommune	Leikanger Kommune	Offentleg	300
248521	The effect of turbulence in single-phase gas flow on ultrasonic sand monitoring	ClampOn AS	Energi	300
248690	Utnyttelse av fosfor fra laksebein - Hvordan skape verdier av problemavfall	Biomega AS	Blå mat	300
248691	Bakteriell kontroll i produksjon av kveiteyngel	Nordic Halibut AS Avdeling Askøy	Blå mat	300

248692	Kostnadsanalyse og modellutvikling for analyse av landbasert produksjon av laks	STIFTELSEN NORSK SJØMATSENTER	Blå mat	300
248759	Super-Heat - a new approach to offshore drill cuttings treatment plants and evaluation of its environmental aspects	Norwegian-Group AS	Energi	300
248762	Norske kommuner som aktører i EU-finansierte samarbeidsprosjekter	Gjesdal kommune	Offentleg	300
249180	Identifisering av strategiske område for prestasjonsmåling for realisering av konseptet "Sjef i eige liv"	Fjell kommune	Offentleg	300
249498	Reduksjon av støy og vibrasjoner i industri, bygg og anlegg v.h.a. tilpassede piezoelektriske materialer	PDS Protek	Energi	300

249500	BYBEITE: Bærekraftig beitedrift og landskapspleie i bynær utmark	Bergen Kommune	Offentleg	283
249501	Robust and affordable technology for unattended and long-term monitoring of pH in aquaculture	Aanderaa Data instruments AS	Energi	300

251253	FishGLOBE et nytt konsept for behandling av laks for lus og AGD, og for lukket oppdrett i sjø.	FishGLOBE AS	Blå mat	300
251408	Kommunal tilrettelegging for installering og bruk av smartdusj i hjemmet - muligheter og betingelser.	Bergen kommune Byrådsavdeling for helse og omsorg	Offentleg	168
251409	Videobasert in vivo automatisk fiskemåling.	Steinsvik AS	Blå mat	200
251645	zeVision_ Beslutningsstøttemodell for gode valg knyttet til utvikling av fornybar energi i et langsiktig perspektiv.	GreenStat AS	Energi	300
251680	Kompetanseløft tunnelsikkerhet - nye opplæringsformer for brann- og redningstjenesten	Rogaland fylkeskommune	Offentleg	300
251757	Increasing the quantity of marketable sea urchins through the scientific application of photoperiod control and homogenous water quality	Sea Urchin Farm AS	Blå mat	300
251978	Stressreduksjon hos oppdrettslaks(Salmo salar)	Skretting Aquaculture Research Centre AS	Blå mat	300
252029	Hvilke fiskepatogener skjuler seg i begroingsorganismer på marine akvakulturanlegg?	STEEN-HANSEN AS	Blå mat	300
252093	PURETi - Self-Cleaning Air Purifier	Prototech AS	Energi	300

252401	Termisk energilagring i berggrunnen med aktivt bidrag fra grunnvann for nullutslippsutbygging	ByBo AS	Energi	300
255865	Økt oppetid og produksjon i olje og gass drift ved bruk av stordata	DNVGL	Energi	300

256173	Utvikle metode og teknikk for produksjon av triploide kamskiell (<i>Pecten maximus</i>)	SCALPRO AS	Marin	300
257930	Food Innovation: Pea hull fiber as a novel source of nutrition and health promoting compounds	AM NUTRITION AS	Grøn mat	300
257307	En pilotstudie - ny søknad fra Smart offshore energy based air heater	Javiel AS	Offshore sektor	300
258111				290
SUM		FJELL KOMMUNE		9 258
257308	Sustainable and smart Hybrid Ship - Reliable Offshore_30.10.15	Reliable Offshore Energy AS	Energi	300
257461	Teknologisk verifisering av ny termodynamisk prosess velegnet for strømproduksjon fra geovarme	INVENTI AS	Energi	300

Tabell 3 : Søknader med tilsegn om stønad til regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) i 2015

V b Stønad til regionale bedriftsprosjekt (RB) og regionale offentlege (RO) prosjekt (hovudprosjekt) i 2015

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Bærekraftig mat – Grøn sektor						
SF	257072	Økt bærekraft i meieriprosesser- Ny prosess for bruk av restprodukt fra meieriindustrien til fremstilling av høyverdige fôrproteiner	Q-MEIERIENE AS	6	1120	1120
SF	257074	Berekraft i mjølkeproduksjonen - risikobasert smittedekjering med ny besetningsindeks	TINE Byrkjelo	5	1630	1630

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Bærekraftig mat – Marin sektor						
H	256952	Verdiskaping av næringsstoffer i laksebein	Biomega AS	5	2100	1500
H	257067	NYE FISKEFELT OG NYE FANGSTMETODER FOR SJØKREPS OG DYPVANNREKER PÅ VESTLANDET	Jørstad marin AS	5	1005	1005

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Energi						
R	248146	DrillTronics som sentral hub i borekontrollsystem for å muliggjøre boreautomatisering.	SEKAL AS	5	2000	2000
R	247919	Konsekvens og aktiv bruk av fri gass i vannturbiner	FLOW DESIGN BUREAU AS	6	1465	1465
H	248173	Iskantseilas - målinger i ishavet med to ubemannede farkoster	AANDERAA DATA INSTRUMENTS AS	5	2768	2768
R	256966	Clean-Cut: A new approach to offshore drill cuttings treatment and evaluation of its environmental impact	Norwegian-Group AS	5	3000	3000
R	257015	A Contactless Power and Data Transceiver Connector System for Subsea instrumentation, environment surveillance, and fishfarming	Blue Logic AS	5	3000	3000

H	257068	Non-intrusive measurements of pipeline internal bore and deformation mapping	KTN AS	5	3000	3000
---	--------	--	--------	---	------	------

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Innovasjon i offentlege ansvarsområde						
R	248050	Prinsipper, metoder og styringsgrensesnitt for universelt utformet velferdsteknologi	LYSE ENERGI AS	5	3000	2000
SF	248027	Smartare rapportering! Innovasjon gjennom nye modellar for rapportering mellom kommunar og stat	Førde kommune	5	2100	2100
H	247898	Alarmmottak som sentral utfordring og mulighet i et kommunalt omsorgsteknologitilbud	LINDÅS KOMMUNE	5	3000	3 000
H	247841	Tannhelsetilbudet til pasienter i hjemmesykepleien Dental Health services for patients in home care	BERGEN KOMMUNE BYRÅDSAVDELING FOR HELSE OG OMSORG	5	1100	1100
SF	256985	Nytt forvaltningssystem for fleirbruk av utmark	Sogndal kommune	6	3000	3000
SF	257071	Selvstendige, selvhjulpne og aktive eldre	Pleie- og omsorg tjenesten Sogndal	6	3000	3000
SF	257073	Samhandling for Grønt skifte	SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	6	3000	3000

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Reiseliv						
SF	248062	Auka verdiskaping i sportsfisket i Lærdalselvi - kunnskapsbasert lokal forvaltning å sikre bærekraftige naturopplevingar i verds Klasse	LÆRDAL ELVEEIGARLAG	5	3000	3000
	257060	Norwegian Icons	Festspillene i Bergen	6	3000	3000

Tabell 4: Søknader med tilsegn om stønad til Regionale bedriftsprosjekt (RB) og Regionale offentlege prosjekt (RO), også omtala som Hovudprosjekt etter utlysinga i 2015 (heile 1000)

IV c Tildeling gjennom samarbeid med andre fond

I 2015 hadde Regionalt forskingsfond Vestlandet ei felles utlysing saman med fondsregion Nord Norge med hovudtema SJØMAT, og med desse undertema: *Ny bruk av marint råstoff, Ny teknologi innan sjømat, Råvarekvalitet og nye produksjonsprosessar.*

7, 9 millionar var sett av frå 15 % potten til denne utlysinga. I tillegg hadde RFF Vestlandet reservert 5 millionar av egne midlar til gode søknader frå prosjektansvarleg med adresse Vestlandet.

12 søknader vart vurderte, 6 frå kvar region. Ein søknad (Ewos, 247978) vart finansiert frå 15 % pott midlane. Med ei overføring på 1 million (500 000 frå kvar av dei to fonda), vart det dessutan midlar til å finansiere to fleire søknader. Alt i alt vart desse tre søknadene frå Vestlandet finansiert etter denne utlysinga:

Fylke	S nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	K	Søkt	Støtte
Søknader innan Sjømat – 15 % potten vår 2015						
R	247978	Improved feed for salmon through the selection of protein ingredients based on their functional properties	EWOS Innovation as	7	3 000	3 000
H	248142	Family, Mucous, and salmon lice (FaMouS Lice)- covariance of mucosal dynamics and family for louse resistance in salmon.	Quantidoc AS	6	3 000	3 000
H	248020	Utvikling av en sesonguavhengig protokoll for intensiv produksjon av regnbueørret (O. Mykiss).	LERØY SEAFOOD GROUP ASA	6	3 000	3 000

Tabell 5: Tildeling etter fellesutlysing med andre fond

IV Tildelingar i sum:

Summert er det gitt slik fordeling av tildelingane i 2015 (x 1000):

Søknadstype	Tildelt 2015 kr.
Regionale bedriftsprosjekt	35 488
Regionale offentlege prosjekt	17 200
Regional kvalifiseringsstøtte	9 258
SUM	61 946

Tabell 6: Tildeling etter søknadstype-

Den særleg høge volumet på tildelingar i 2015 var motivert av eit ønske om å bidra aktiv til naudsynt omstilling på Vestlandet. Midlar ut over årleg løyving er renter for 2014 og 2015, ikkje nytta løyving frå prosjekt, forskoting frå framtidige løyvingar frå departementet og midlar frå 15 % potten. Effekten av dette kjem fram i tabell 8 under, balanserekneskapen.

V ØKONOMI (tal x 1000)

V a Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet

Regionalt forskingsfond Vestlandet si ordinære tildeling utgjorde kr 31 965 for 2015.

V b Kostnader og rekneskap

Administrasjons- og styringskostnader

Regionalt forskingsfond Vestlandet rekneskapsførte i 2015 kr. **2.512**

til administrasjon og styrearbeidet. Samla kostnader til styre og administrasjon utgjør 7 % av ordinær løyvinga frå Kunnskapsdepartementet samt overføring til prosjekt på Vestlandet med finansiering frå 15 % potten, og er med det innan ramma departementet har fastsett med omlag 7 % av løyvinga til slike utgifter.

Resultatregnskap 2015

Resultat og balanse for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert vist i tabell nedanfor (i 1000).

Inntekter (kr.)

Ordinær løyving frå Kunnskapsdepartementet	31 965
Renteinntekt	2 662
Overføring frå «15 % potten» til samarbeid	3 500
Bruk av bundne driftsfond	117
Kompensert mva	42
Sum inntekter	38 285

Utgifter (kr.)

Stillingsressurs Sogn og Fjordane	597
Stillingsressurs Rogaland	200
Stillingsressurs Hordaland	1 053
Styre reiseutgifter og møtehonorar/ møtekostnad	261
Driftskostnader	18
Tenester/informasjon	77
Sekretariatet reiseutgifter	257
Utgifter regional fagpanel	58
Oppfølging søkjarar	7
Sum Administrasjon og styre	2 512
Betalt mva	42
Avsetjing til bundne driftsfond	1 858
Utbetalt stønad til forskingsprosjekt	33 857

Sum utgifter (kr.) **38 285**

Resultat – overført til fond **1 858**

Balanserekneskap (1000 kr.)		
A	IB pr 01.01 (kontoutskrift)	94 034
B	Inntekter, som er løyving + renter	38 285
C	Kostnader, som er adm/styre + prosjekt	36 427
D	Sum eigendelar 31.12 (kontoutskrift)	96 222
E	Forskotterte framtidige løyving frå KD i 2014 og 2015	24 000
F	Sum eigendelar 31.12.2015 og forskottert løyving frå KD	120 222
G	Bundne/disponerte midlar til prosjekt	118 437
H	Disponert ut over eigendelar/gjeld	1 785

Tabell 8: Ballanse rekneskap per 31. desember 2015

Noter:

- A Henta frå Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap 2015
- B-C Sjå tabell førre side
- D Henta frå Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap 2015
- E I tråd med Handlingsplanar
- F $D+E = F$
- G Er den sum som er disponert til prosjekt i kontrakt - minus utbetalt
- H Midlar ikkje disponert til prosjekt per 31.12.2015 - differanse mellom F og G

V c Tilgjengelege og disponerte midlar i 2016

Samla tilgjengeleg

KD 2016	45 919
Forventa renter 2016	2 600
Unytta i 2015/trukke frå prosjekt	1 785
Sum	50 304

Disponeringar:

Administrasjon og styre	3 785
Utlysing med frist 17. februar	18 000
Løpande utlysing reg kval støtte vår	10 000
Sum disponert	31 785

Ikkje disponert **18 519**

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet vedtok i møte 26. februar å fortsette praksis med forskotering av midlar også i 2016. Ramma for dette vil vere inntil 12 millionar kroner. Endeleg vedtak vil finne stad i samband med vedtak av Handlingsplan for 2016/2017 på styremøte 2. juni 2016. Ekstra midlar frå Kunnskapsdepartementet frå 15 % potten kjem utanom dette.

VI RESULTATRAPPORTERING

VI a Indikatorar med omsyn til tildeling

Sektorvis fordeling av tilskot

Fondet har arbeidd mykje med å få fram gode søknader frå offentleg sektor, og har i stor grad lukkast med dette. Samla sett er fordelinga mellom næringsliv og offentleg sektor likevel framleis slik at den langt største delen av tilskotta går til bedrifter som arbeider med forskingsbasert innovasjon på Vestlandet. Tabellane under gir fleire detaljar om kostnadsstad og kategori søkjargruppe med tilsegn.

TILSEGN I KRONER 2015 (HOVUDPROSJEKT OG FORPROSJEKT)

sektor	kroner i tilsegn	prosent av samla tilsegn
Næringsliv	42578	69
Offentleg sektor	19368	31
Instituttsektoren		
UiH sektoren		
Samla	61946	100

Tabell 9: Støtte i kroner

TAL PROSJEKT SOM ER STØTTA 2015

sektor	forprosjekt	hovudprosjekt	sum prosjekt
Næring	24	15	39
Offentleg sektor	8	7	15
Instituttsektoren			
UiH sektoren			
Samla	32	22	54

Tabell 10 : Tabellen viser tal forprosjekt og hovudprosjekt fordelt på fire søkjarkategoriar (godkjent prosjektansvarleg). Tala for hovudprosjekt inkluderer løyvinga etter 15 % potten

Kjønnsfordeling prosjektleiarane

Det var 54 søknader med tilsegn om stønad i 2015. Kjønnsfordelinga viser vesentleg auke frå 2014, der samla kvinnedel berre var 24 %:

KJØNNSFORDELING PROSJEKTLEIARAR 2015				
	Kvinner	Menn	Sum	Kvinnedel
Hovudprosjekt	7	15	22	32
Forprosjekt	15	17	32	47
Totalt	22	32	54	41

Tabell 11 : Kjønnsfordeling prosjektleiarar søknader med tilsegn i 2015

VI b Status vedkomande prosjektavslutning

Status for hovudprosjekta:

- Prosjekt med tilsegn i 2010: Alle prosjekt frå 2010 er no avslutta, men endå er det noko attståande oppgåver knytt til sjølve rapporteringa for 2 av dei. Venteleg vil alt vere på plass innan utgangen av april.
- Prosjekt med tilsegn i 2011: Av dei 13 prosjekt med tilsegn er 3 som endå ikkje er avslutta. 3 prosjekt er avslutta, men det er framleis noko arbeid med rapportering.
- Prosjekt med tilsegn i 2012: Av dei 9 aktive prosjekta frå dette året er 4 prosjekt framleis ikkje avslutta medan 3 er avslutta, men med noko rapportering att.
- Prosjekt med tilsegn i 2013: Av dei 10 aktive prosjekta med tilsegn det året er 2 avslutta før tida, begge på grunn av vanskar med økonomi/marknad for selskapet. Ein av desse med prosjektansvarleg som gjekk konkurs seinhausten 2015. Her har RFF Vestlandet levert krav til bostyret grunna manglande rapportering. Av de resterande prosjekta er eit litt på etterskot, medan 3 skal rapportere i 2016 og 4 i 2017. Dei resterande medan 8 pågår, Dei resterande 9 prosjekta skal etter planen avslutte i 2015 og 16.

Ingen av prosjekta frå 2014 eller 2015 er avslutta.

Status for kvalifiseringsprosjekta:

Det er gitt mellom 20 og 35 tilsegn om regional kvalifiseringsstønad i året. Status for avslutning er slik:

- Prosjekt med tilsegn 2010: Alle avslutta
- Prosjekt med tilsegn i 2011: Alle avslutta
- Prosjekt med tilsegn i 2012: Eit er uavklart, elles alle avslutta.
- Prosjekt med tilsegn i 2013: Uavklart status for 3 prosjekt, elles alle avslutta
- Prosjekt med tilsegn i 2014: 6 ikkje avslutta/uavklart situasjon.
- Prosjekt med tilsegn i 2015: 28 er ikkje avslutta.

Det er lagt opp til at alle prosjekta skal arbeide maksimum 12 månader. Det har vore ei opprydding i høve til forseinka prosjekt dei siste månadene. Framleis er likevel ennå nokre uavklarte eller ikkje heilt avslutta.

VI c Resultat på sentrale indikatorar

For 2015 har det vore to fristar for rapportering, høvesvis i desember 2015 og mars 2016.

RESULTAT PÅ SENTRALE INDIKATORER 2011-2015. RESULTAT FOR EINSKILDPROSJEKT, FOR EINSKILDÅR OG SUM ALLE ÅR. HOVUDPROSJEKT RRF VESTLANDET	2015	2014	2013	2012	2011	SUM
Formidlingstiltak gjennomført mot relevante målgrupper	114	124	81	61	38	418
Almenrettede formidlingstiltak	37	10	12	8	2	69
Oppslag i massemedia	39	25	23	32	8	127
Kommersielle resultater med bidrag fra prosjektet						
Ferdigstilte nye/forbedrete produkter	3	6	11	4	0	24
Ferdigstilte nye/forbedrete prosesser	0	1	3	3	2	9
Ferdigstilte nye/forbedrete tjenester	0	2	4	1	0	7
Registrerte patenter	0	0	0	1	1	2
Inngåtte lisensieringskontrakter	0	0	0	0	0	0
Ny virksomhet						
Nye foretak som følge av prosjektet	2	1	1	2	0	6
Nye forretningsområder i eksisterende bedrift	0	1	2	2	0	5
Innføring av nye/forbedrete metoder/modeller/teknologier for økt verdiskapning						
Innført ny teknologi/prosess/tjeneste i eget foretak	4	3	0	2	1	10
Samarbeidende bedrifter som har innført ny teknologi/prosess/tjeneste	0	8	8	2	0	18
Bedrifter utenfor prosjekter som har innført nye/forbedrete teknologi/prosess/tjeneste	0	0	1	0	0	1
Doktorgrader og andre akademiske grader						
Avlagte batchelorgrader	2	4	0			6
Avlagte mastergrader	0	1	1			2
Avlagte doktorgrader	0	1	0	0	0	1
Publikasjon						
Publiserte artikler i vitenskapelige tidsskrifter	1	4	10	10	4	29
Publiserte artikler i andre faglige tidsskrifter	1	6	6	9	4	26
Utgitte bøker	0	1	0	1	0	2
Publiserte foredrag fra nasjonale møter/konferanser	1	8	10	3	0	22
Publiserte foredrag fra internasjonale møter/konferanser	3	11	13	9	0	36
Øvrige rapporter, foredrag, presentasjoner fra faglige møter	29	64	49	51	26	219
SUM	236	281	235	201	86	1039

Tabell : Resultatindikatorar med tilhøyrande årlege resultat for åra 2011 – 2015 for alle hovudprosjekt som har fått støtte og rapportert, og sum for dei tre åra for kvar indikator.

VI d Rekruttering til andre virkemidler

Regionalt forskingsfond Vestlandet har ovanfor søkjarar frå næringslivet føreset at finansieringsplanen skal innehalde midlar frå Skattefunn dersom dette er mogeleg. Slik ønskjer fondet å rekruttere bedriftene til å nytte denne ordninga. Søkjarane vert rettleie i ordninga med Skattefunn dersom dei treng dette. Her er Forskringsrådet sine regionale representantar viktige samarbeidspartar.

Det er lagt vekt på ei nær kopling mellom Regionale forskingsfond Vestlandet og dei fylkesvise VRI prosjekta. Det er årleg gjennomført eit fellesmøte mellom VRI prosjekta i dei tre fylka som utgjer fondsregionen på Vestlandet og Regionalt forskingsfond Vestlandet. Dette møtet vart i 2015 halde i Stavanger 6-7 mai 2015. Tema var mellom anna korleis VRI kan arbeide for å mobilisere fleire gode forskingssøknader frå Vestlandet. Det er også jamlege telefonmøte mellom dei tre VRI prosjektleiarane og sekretariatsleiar for RFF Vestlandet.

Eit forprosjekt i Regionalt forskingsfond Vestlandet kan gjerne vere kalifiseringsstønad til anna program eller virkemiddelområde enn det som fondet sjølv kan tilby. Andre program i Forskringsrådet eller ulike program innan Innovasjon Noreg er slike muligheter som fondet informerer søkjarar og prosjekteigarar om.

Regionalt forskingsfond Vestlandet arbeider laupande med å finne ei tydeleg og komplementær rolle i høve til resten av det regionale virkemiddelapparatet. Plasseringa av fondet i fylkeskommunen legg det godt til rette å kople fondsarbeidet mot fylkeskommunale virkemiddelordningar. Likeeins vert det arbeid med å knyte fondet sitt arbeid opp mot Innovasjon Noreg. I samband med regional fagvurdering av forprosjekt er sentrale medarbeidarar frå Innovasjon Noreg trekt med i arbeidet.

Sekretariatet ser stor verdi av å konsultere Innovasjon Noreg for å sikre at prosjekt med søknad til det regionale fondet ikkje har kryssfinansiering frå deira ordningar.

VII OPPSUMMERING I HØVE TIL MÅL

NIFU si følgjeevalueringa av regionale forskingsfond konkluderer med at etter fem år er ordninga vel etablert og fungerer etter måla for ordninga som Kunnskapsdepartementet har fastsett.

Alle dei sentrale elementa for ordninga er på plass. Det vert vist til at arbeidet er godt forankra i regionale føresetnadar og ser ut til å ha stor legitimitet. Undersøkingane tyder på at dei regionale forskingsfonda har høy addisjonalitet og har ein kompletterande rolle i høve til virkemiddelapparatet elles.

Fonda bidrar til å styrke fokuset på forskning på det regionale nivået. Dei bidrar til økt interesse for regionalt relevant forskning, og dei har ein mobiliserande effekt. Nye bedrifter og offentlege institusjonar vert mobilisert til forskning og forskinga har høg kvalitet. Samtidig vert det meldt om nokre utfordringar med omsyn til koordinering med eit relativt komplisert virkemiddelapparat.

Også i 2015 har Regionalt forskingsfond Vestlandet medverka til å få fram ny kunnskap om viktige utviklingsoppgåver på Vestlandet. Det har vore fleire søknader til fondet enn nokon gong. Dette syner ei stor og aukande interesse for ordninga.

Ein har makta å engasjere både bedrifter, og offentlig sektor inn mot fondet sine utlysingar, og i nesten alle søknadene har desse igjen eit fagleg samarbeid med forskingsinstitutt eller institusjonar innan U&H sektoren. At fleirtalet søknadene kjem frå bedrifter er i tråd med styret sine ambisjonar. Dei tre fylkeskommunane har vore aktive i samband med utlysing, og eit relativt stort tal kommunar har vore involvert.